

ALVER KULTURRÅD

Til
Alver kommune
Kulturkontoret

25. sept 2020

Uttale «HØYRING - Prisar til kultur, idrett og frivillighet i Alver kommune»

Styret i Alver kulturråd meiner at saksutgreiinga til høyringa er grundig, vel fundert og det er viktige prinsipp som leggst til grunn. Styret ser positivt på at prisane frå dei gamle kommunane blir koordinert og vidareført i Alver kommune. Det har vore prisutdelingar i fleire tiår i regionen. Spyspissane og nettverk innan prestasjon og aktivitet er markert for den innsatsen dei står for, eller har stått for.

Styret i Alver kulturråd er nøgd med at dei som mottar kommunal utmerking ikkje berre kjem frå det som er kulturrelatert og idrettsrelatert aktivitet. Det er viktig at kandidatar frå alle samfunnssektorar kan bli heidra, som til dømes innan religiøst arbeid, helsereelatert arbeid, humanitært arbeid og seniorarbeid.

Det kan kanskje vere uheldig at prisane som no skal få ny tittel, får innspel på kandidatar som fekk den tilsvarande prisen i den gamle kommunen. Då vil mottakarlistene kanskje repetere seg sjølv. Dette treng ikkje vere eit problem men det kan gi signal og forventningar. Styret i Alver kulturråd er nøgd med at det kjem fram tankar kring dette i saksutgreiinga.

Styret i Alver kulturråd meiner at rangering av prisane er ein vanskeleg veg å gå. Då vil ein vekte frivillig aktivitet mot ein annan frivillig aktivitet. Styret er difor nøgd med at prisane har likelydande statuttar, premie og jury.

Styret i Alver kulturråd er taknemleg for å kunne bidra inn i juryarbeidet med prisane. Ein tverrfagleg samansett jury med stor samla lokalkunnskap vil kjenne historikken kring utdelingane og ta dei riktige vurderingane når den tid kjem.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes
Styreleiar



Per Ole Ekker
Sekretær